



PROTOKOLL FOR SENIOR- OG BRUKARRÅDET

Møtenr.: 3
Møtedato: 20.04.2026
Tidspunkt: 11:30 - 12:40
Stad: Formannskapssalen

Desse møtte:

	Desse møtte
AP	Kjell Olav Stangeland
FLY/INNV	Bitsuamlak Habte Mehari
FUN	Sissel Løchen
P	Astrid Holen
P	Kjell Sund
P	Oddmund Gravdal
PÅR	Aud Berit Torvund
SP	Ranveig Undheim

	Forfall		Som vara møtte
FUN	Åse Corneliussen	FUN	Harda E. Løvoll

Frå administrasjonen møtte: Kommunalsjef Britt Ellinor Scott og utvalssekretær Karina A. Haugland.

- Orientering om fritidstilbod for barn og unge med funksjonsnedsettingar/sykdommar v/fritidssjef Stian Langeland.
- Evaluering av endringane innan psykiske helse og rustenester v/virksomhetsleiar Bjarte Sælevik.

Saklista vart godkjent med ekstrasak .019/26 *Val av representant frå Senior og brukarrådet til arbeidet med planlegging av ny sjukeheim* .

Bryne, 20.04.2026

Sissel Løchen
leiar

Karina Arntzen Haugland
utvalssekretær

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
016/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
017/26	ÅRSRAPPORT OG ÅRSREKNESKAP 2025
018/26	REFERATSAKER
019/26	VAL AV REPRESENTANT FRÅ SENIOR OG BRUKARRÅDET TIL ARBEIDET MED PLANLEGGING AV NY SJUKEHEIM

016/26 : Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren si innstilling:

Protokoll frå møte 02.03.2026 vert godkjent.

Senior- og Brukarrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

SBR - 016/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 02.03.2026 vert godkjent.

017/26 : Årsrapport og årsrekneskap 2025

Kommunedirektøren si innstilling

1. *Driftsrekneskapen for 2025 vert godkjent.*
2. *Investeringsrekneskapen for 2025 vert godkjent.*
3. *Årsrapporten for 2025 vert godkjent.*

Senior- og Brukarrådet

Forslag frå Sissel Løchen (FUN) Årsrapport og årsrekneskap 2025 vert teken til orientering.

Forslaget frå Sissel Løchen vart samrøystes vedtatt.

SBR - 017/26 Vedtak:

Årsrapport og årsrekneskap 2025 vert teken til orientering.

018/26 : Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Senior- og Brukarrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

SBR - 018/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

019/26 : Val av representant frå Senior og brukarrådet til arbeidet med planlegging av ny sjukeheim**Kommunedirektøren si innstilling**

Senior og brukarrådet vel representant og vararepresentant som skal medverka i arbeidet med å planlegga ny sjukeheim.

Senior- og Brukarrådet**Forslag frå Sissel Løchen (FUN)**

Sissel Løchen vert representant og Astrid Holen vert vararepresentant som skal medverka i arbeidet med å planlegga ny sjukeheim.

Forslaget frå Sissel Løchen vart samrøystes vedtatt.

SBR - 019/26 Vedtak:

Sissel Løchen vert representant og Astrid Holen vert vararepresentant som skal medverka i arbeidet med å planlegga ny sjukeheim.

Eventuelt:

Sissel Løchen (FUN) opplyste at rådsmedlemmene har motteke fleire henvendingar om forverra parkeringstilbod for besøkande og frivillige i området rundt Sivdamheimen og -senteret. Løchen orienterte vidare om at tilbakemeldinga frå administrasjonen er at besøksparkeringa no er gjeninnført, og at parkeringskapasiteten dermed er gjenoppretta.

Astrid Holen (P) orienterte om møte i NAV Klepp–Time sitt brukarutval den 13.04.26. NAV vurderer ei ny ordning med ei regional brukargruppe, der representantar frå organisasjonane skal delta. Det er difor ikkje planlagt fleire møte i brukarutvalet i noverande form.